



Slik ligg Stølen som nyleg er seld

Uskedalen oppvekstsenter ved Odd Steinar Arnesen har no sendt brev til kommunen i samband med at Stølen som nyleg er seld vert foreslått omregulert frå offentleg bygning til bustadområde. Han meiner at om ein no omdisponerar arealet bør ein sikra seg eit tilsvarande areal på sørsida av skulen ved å omregulera LNF-området som ligg der. Arnesen peikar på at det ved oppvekstsenteret i lang tid har vore for liten plass til parkering og levering av barn. Parkeringsplassen ved barnehagen er tidleg full og føresette som skal levera barn der eller til skulen har ikkje plass til å parkera bilen på forsvarleg vis.

Ved skulestart og -slutt er det og store trafikale utfordringar. Det vert parkert i busslomma ved hovudvegen slik at foreldre kan bringe/henta bona her. Det oppstår nesten dagleg farlege situasjonar i denne området. Ved arrangement på kveldstid er det og alt for liten plass for parkering.

Oppvekstsenteret meiner det vert viktig i arbeidet framover at kommunen sikrar seg areal for utviding og utbetring av trafikksituasjonen. i tillegg vil eventuell utviding der bli vanskeleg om ein vel å omregulera Stølen.

Bygda Uskedalen har oppvekstsenteret og aktivitetssenteret sentralt plassert. I tillegg finn ein butikkar og andre samlingsplassar i umiddelbar nærleik. Det burde difor vera naturleg om kommunen sytte for at parkeringsmogelegheitene i sentrum vart utbetra. Det ville komma heile bygda til gode, ikkje berre for arrangement i oppvekstsenteret sin regi men også for alle andre aktørar vi har i bygda vår, skriv Arnesen til kommunen.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen